

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 45/2007

Møtedato: 4.7.07

Arkiv nr: S 687

## **S 687, Jaslangen – søknad om sel**

Ola P Haugrud søker om å få føre opp sel på stølen på Jaslangen. Teikningar av selet er vedlagt og selet er på 45 m<sup>2</sup>. Søkjaren har munnleg opplyst at han ynskjer å hus som er godkjent i sak 26/05 ståande som uthus. Brakke som har vore plassert på stølen skal fjernast.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:  
*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

I sak 26/05 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn at stølen er teken i bruk som støl og at det er behov for det omsøkte bygg, jfr. § 13 i stølsforskriftene. Utforming av bygningen er etter fjellstyret sitt syn ikkje i samsvar med retningsliner frå regional kulturminneforvaltning. Fjellstyret ser behovet for eit husvære og finn at uthuset kan plasserast midlertidig inntil sel kan bli ført opp. Midlertidig plassering er avgrensa til tre år.*

Statskog klaga over fjellstyret sitt vedtak. Statens landbruksforvaltning tok ikkje klaga til følge og stadfesta fjellstyret sitt vedtak.

Statskog og Oppland fylkeskommune er bedt om uttale til saka.

Statskog gav følgjande uttale:

*Viser til søknad av Ola P. Haugrud bestående av situasjonskart og bygningstegninger.*

*Det søkes om få oppføre et sel på ca. 44,6 m<sup>2</sup> pluss takoverheng. Ut i fra stølens historikk er stølen utvist i forbindelse med sauedrift, og benyttes også i henhold til utvinningsformålet.*

*Vi har registrert følgende bebyggelse i seterregisteret:*

<b>Hustype</b>	<b>Byggeår</b>	<b>SumAreal</b>
Annet		6

*Stølen har som kjent nylig vært gjenstand for klagebehandling i Statens Landbruksforvaltning (SLF). Fjellstyret har i tidligere vedtak erkjent et behov for husvære på stølen, og har tillatt oppføring av et midlertidig uthus innredet for beboelse inntil nytt sel er på plass.*

*Statskog er av den oppfatning at en slik driftsform i dagens samfunn ikke lenger fordrer husvære.*

*Når stølsbrukeren allikevel har fått oppføre et uthus innredet for beboelse, mener vi dette i alle fall dekker det behov man kan tenke seg argumentert for i forbindelse med ettersyn av husdyr etc..*

*Vi tar imidlertid inn over oss SLF's beslutning i tidligere klagebehandling, og overlater til fjellstyre å avgjøre om det er behov for det omsøkte bygget i henhold til seterforskriftens § 13.*

*Dersom fjellstyret skulle finne at det er behov for det omsøkte bygget tilrår vi at uthuset ikke tillates innredet for beboelse i fremtiden, og at det tilstrebes at bebyggelsen plasseres i tun.*

I sak 15/07 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og gir tilsegn om at det kan først opp sel av slik storleik som det er søkt om. Tidlegare vedtak 26/05 om midlertidig oppføring av hus står ved lag og fjellstyret avslår søknaden om å ha dette huset ståande som uthus. Søkjaren må leggje fram plan/søknad om plassering av eventuelt uthus og anna før fjellstyret gjer endeleg vedtak. Plan over bygningar på stølen vil fjellstyret sjå på under befarung den 15. juni.*

*I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Fjellstyret såg på saka under befarung den 15.6.07 saman med søkjar og Statskog.

Haugrud har oversendt situasjonsskisse for plassering av sel og uthus. Teikningar av sel er lagt ved. Selet er eit gammalt lafta hus som han vil bygga på i lengda. Storleiken blir 9 m x 6,3 m. Samla areal blir då ca 58 m<sup>2</sup> BYA (51 m<sup>2</sup> BRA). Dette er noko større enn det ein gav tilsegn om i sak 15/07. Søkjaren har ikkje teikningar på uthus og vil koma tilbake til dette seinare.

Søkjaren ynskjer å koma i gang og han ber fjellstyret om å gjera vedtak før oversending til Oppland fylkeskommune. Han kan då starte arbeidet når uttale frå Oppland fylkeskommune ligg føre utan å måtte vente på neste fjellstyremøte.

**VEDTAK:**

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskrifta. Vilkåret for godkjenninga er at søkjaren fører opp bygget i samsvar med eventuelle merknader frå Oppland fylkeskommune.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 5.7.07

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Ola P. Haugrud  
Statskog  
Oppland fylkeskommune  
Vestre Slidre kommune